

Informasjon ved ribbeinsbrot

Eit ribbeinsbrot kan oppstå etter eit direkte slag eller fall mot ribbeina/brystkassa.

Ved ribbeinsbrot auker ofte smertene dei fyrste 7-12 dagane. Deretter begynner smertene å gi seg.

Svært mange oppsøker lege etter ei vikes tid fordi dei ikkje er blitt bra, eller fordi dei er blitt verre.

Dei vanlegaste plagene ved ribbeinsbrot er smerte når ein hostar/nys/ler eller pustar djupt inn og ut. Dei fleste er også plaga om natta når dei snur seg i senga eller når dei skal stå opp om morgonen.

Når legen undersøker deg, er det for å sjekke at lungene ikkje er skada.

Vanlegvis er det ikkje nødvendig med røntgenbilete for å stille diagnosen. Ribbeinsbrot vil ofte ikkje vises på røntgen.

Det vil heller ikkje få noko innverknad på behandlinga hvis ein ser brot på røntgen.

Dersom legen mistenkjer at det kan vere ein skade på lungene, kan det likevel vere aktuelt å ta røntgenbilete.

Problemet med ribbeinsbrot er smertene. Behandlinga er smertestillande. Du skal til ein viss grad vere i normal aktivitet. Ved kortvarig behov for sterke smertestillande kan lege skrive resept på det.

Det er alltid vanskeleg å seie kor lang tid smertene vil vare. Men etter ca 7-12 dagar byrjar smertene å gi seg, etter ca 2-4 veker er dei fleste smertefrie.

Hvis du får pusteproblem/åndenød (ikkje berre smerter ved pusting) skal du raskt kontakte lege.

Avdeling: Skadepoliklinikken Telefon: 55 56 87 55